



## Notat

Dato: 03.07.2018  
Arkivsak: 2018/12062-2  
Saksbehandlar: arnasan

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkestannlegen i Hordaland

---

### Spørsmål om tannhelsetenesta

Representanten Dan Femoen har stilt desse spørsmåla:

**1) Antall voksne betalende pasienter som har vært ferdigbehandlet både for DOT og TkVest - 2017.**

Tannhelsetenesta i Hordaland har i 2017 totalt ferdigbehandla 14815 voksne betalende pasientar. Dette utgjør ca 5% av den voksne befolkninga i fylket over 20 år. Dei aller fleste av desse har fått si behandling på tannklinikkar ute i distrikta, medan relativt få er behandla på tannklinikkar i Bergen. Det er eit viktig rekrutteringstiltak for tannlegar i offentlege stillingar at dei kan få behandla pasientar i alle aldergrupper.

Spesialistklinikken på kompetansesenteret (TkVest/Hordaland) utfører spesialistbehandling på pasientar som er blitt tilvist frå offentleg tannklinikk eller privatpraktiserande tannlege. Spesialistklinikken held til i det nye odontologibyggget på Årstadvollen, men har og ein mindre tannklinikk inne på Haukeland universitetssjukehus (HUS). I 2017 har TkVest/Hordaland totalt fått tilvist 1868 pasientar til spesialistbehandling. Av desse er 617 voksne betalende pasientar over 20 år – dvs om lag 1/3.

**2) Brutto / netto kostnader for både DOT og TKVest-Hordaland. - 2017.**

Bruttokostnader 2017 – tannhelsetjenesten i Hordaland – 290,9 mill  
Nettokostnader 2017 – tannhelsetjenesten i Hordaland – 202,2 mill

Bruttokostnader 2017 – kompetansesenteret (TkVest Hordaland) – 26,2 mill  
Nettokostnader 2017 – kompetansesenteret (TkVest/Hordaland) – 10,9 mill

All spesialistbehandling som blir utført på kompetansesenteret (TkVest/Hordaland) er eit fylkeskommunalt ansvar. Dei oppgitte tala for brutto- og nettokostnader på kompetansesenteret omfattar kun det fylkeskommunale ansvarsområdet.

Dei regionale odontologiske kompetansesentraene har også ansvar for klinisk, praksisnær forskning og for å bidra i spesialistutdanninga. Desse oppgåvene blir finansiert av statlege midlar etter årleg søknad til Helsedirektoratet.

### 3) Antall tannlege- og tannpleierårsverk - 2017.

Tannlegeårsverk 2017 – tannhelsetjenesten i Hordaland – 120,1 årsverk  
Tannpleierårsverk 2017 – tannhelsetjenesten i Hordaland – 38,1 årsverk

Tannlegeårsverk 2017 – kompetansesenteret (TkVest Hordaland) – 14 årsverk  
Tannpleierårsverk 2017 – kompetansesenteret (TkVest Hordaland) – 3,5 årsverk

Årsverka på TkVest/Hordaland omfattar det fylkeskommunale ansvarsområdet, altså spesialistbehandling. Pr 31.12.2017 er det på TkVest/Hordaland si forskingsavdeling tilsett 7,6 årsverk med forskarar som er lønna av statlege midlar.

### 4) Antall individer med rettigheter etter tannhelsetjenesteloven og antall individer med rettigheter etter loven som ble undersøkt / behandlet i 2017.

Totalt antal pasientar i Hordaland som i 2017 har ei lovfesta rett til tannbehandling er 139 654. Dette er litt under 30% av innbyggjarane i fylket.

Tannhelsetenesta bruker begrepet «under tilsyn» om pasientar som enten er ferdigbehandla, eller er under behandling eller står på innkallingslister. I 2017 er det 129 078 personar som er under tilsyn av tannhelsetenesta. Dette utgjør 92,4% av totaltalet.

### 5) Lønnskostnader for tannleger, tannhelsesekretærer, tannpleier og administrativt personale – 2017

Tabellen er utarbeidd av HR-seksjonen/lønn, og viser lønnskostnad pr yrkesgruppe og pr tannhelse-distrikt i 2017. I tillegg kjem sosiale utgifter.

Yrkesgruppe	Administrasjon	Aust	Nord	Sentrum	Sør	TK Vest	Vest
Administrativt	kr 5 991 658						
Anna						kr 10 376 824	
Tannhelsesekr		kr 4 741 806	kr 11 326 465	kr 17 485 685	kr 6 394 542	kr 6 080 315	kr 12 942 926
Tannlege		kr 8 935 381	kr 20 488 083	kr 27 759 911	kr 9 779 244	kr 11 753 564	kr 22 065 462
Tannpleier		kr 2 249 173	kr 4 881 906	kr 6 632 336	kr 2 978 355	kr 1 812 360	kr 5 678 723
Totalsum	kr 5 991 658	kr 15 926 360	kr 36 696 454	kr 51 877 932	kr 19 152 139	kr 30 023 063	kr 40 687 111

Merknader:

- Gruppa «administrasjon» er i hovudsak fylkestannlegens sin stab.
- Yrkesgruppa «Anna» på TkVest/Hordaland omfattar personar som ikkje er tilsett som tannlege, tannpleiar eller tannhelsesekretær – til dømes forskarar.